

## **FAU-MØTE TORSDAG 5 NOVEMBER 2015**

Desse møtte: Torunn Kolås, Therese S Christensen, Torunn Remme Sletten, Jan Håland, Heidi Andvik, Lise Hodnekvam, Aashild Halland – rektor.

### **SAK 01/15-16 Presentasjon av og velkommen til nytt FAU**

Det første møte er noko forsinka på grunn av klassesituasjonen ikkje har vore heilt avklart før no. Det er kome til 7 elevar sidan skulestart. Det var 191 elevar ved oppstart og no er det 198 elevar. Skulen har elevar frå 10 ulike nasjonar dette er ei utfordring då nokon ikkje kan norsk eller engelsk, det er tolk inne i fleire timar. Det er berre 3. klasse som ikkje har 2 klassar, dei er 20 elevar i den klassen.

Rektor informerer at det vert arbeida med å setta inn fleire vaksenressursar no når det har vorte fleire klassar. Rektor skal i møte med rådmann og ordførar, og eit kommunal utval som har med skule og gjere.

Klassedelinga har hatt utfordringar både sosialt og faglig, deretter skal klassedelinga og vere bra for kvar einskild elev.

FAU vert konstituert når dei nye klassane har valt klassekontaktar.

### **SAK 02 / 15-16 MØTEPLAN FOR FAU-MØTENE DETTE SKULEÅRET**

Møtedag blir første torsdag i månaden. Tidspunkt er 17.30-19.30. Neste møte vert 3 desember. Rektor sender ut innkalling.

### **SAK 03/ 15-16 NYTT FRÅ KLASSANE SÅ LANGT DENNE HAUSTEN**

Nokon av klassane har allereie hatt fellessamlingar. Julefester for dei ulike klassane vert bestemt i løpet av kort tid. Nokre datoar er allereie klare.

1 klasse : 7 desember

2 klasse: 10 desember

3 og 4 klasse skal ha felles: 8 desember

Skulen er ikkje nøgd med skulefotograferinga denne hausten. Derfor vert det tatt nye fellesbilete/klassebilete neste veke. Skulen sender ut beskjed. Dette skal ikkje koste ekstra.

### **SAK 04 /15-16 VERKSEMDSPPLANEN FRAM TIL JUL**

Denne vart utdelt på møte.

### **SAK 05 15-16 YMSE**

Parkering skal frå no vere øvste delen av parkeringsplassen med skulen, når den er full skal resten av bilane parkerast ved Lindåshallen. Rektor føl opp denne saka. Minner igjen om at kjøring heilt opp til skulen er forbode mellom 08-16.

Det skal vere ei bussvakt frå barneskulen og ei bussvakt frå ungdomskulen mellom 0835 og 0845.

Det blir diskutert at det er mykje uheldig kjøring i hovudvegen ved skulestart og skuleslutt , og at det ikkje er markert overgang i krysset bort med kyrkja. Tidegare måtte ein vere i 5 klasse før ein fekk sykle til skulen, denne regelen er no oppheva. Dette gjev ein del farlege situasjonar, dei minste ungane klarar ikkje å lesa/forstå trafikkbilete på same måte som dei store barna. Dumper som er kome i Kolåsfeltet er ikkje overgangar, men vert brukt som dette.

Skule – heim kontakt er viktig og like viktig er kontakt heim - skule. Ved uheldige hendingar kan ein kontakte foreldrekontakt eller klassekontakt

Rektor orienterer om at det har vore ei uheldig hending på fritida tidlegare i denne månaden. Denne saka er tatt opp med dei aktuelle. Det er vert diskutert om ein skal begynna igjen å gå Natteravn. FAU på barneskulen lagar ein forespørsel til FAU på ungdomsskulen. Dersom dette går igjennom må foreldre frå 6 og 7 klasse delta. Ungane/ungdomane manglar ein plass å vere, dei oppheldt seg derfor mykje under glas-taket i Lindås senter og i og ved Lindåshallen.

Me som foreldre har ei viktig rolle. Ver tilgjengeleg for ungane og snakk saman med dei andre foreldra. Dette byggjer gode relasjonar mellom foreldra noko som er viktig etter kvart som ungane vert eldre.

Skulen er plaga med lukt frå eit av klasseromma og tilhøyrande lager. Dette har vore sett på fleire gonger, og det arbeidast med å finna ut kva lukta kjem av.

Det er ingen uteplass under tak på skulen, dette er dumt når det regnar mykje. Dette kunne og vore brukt som areal på uteskulen.

Skulen er til dels plaga med mopedkjøring på skuleområdet, det er dumt at det vert kjørt på gummiunderlaget under leikeapparata.

Referent : Therese Sletten Christensen